

29. september 2019

Høyringsuttale: NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land

Bevaring av Vaksdalsvassdraget (BaV) ønskjer med dette å levera uttale til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land i Noreg.

BaV støttar at forslaget legg opp til å unngå bygging av vindkraftanlegg i Vaksdalsfjella, som ligg mellom Vaksdal, Voss og Samnanger i Hordaland.

Vaksdalsfjella er særskild viktig for rekreasjon og friluftsliv, ikkje berre for lokalfolket, men også for regionen Hordaland, og området har kulturhistorisk verdi. Det har gjennom tidene vore gjennomført fleire omfattande vasskraftutbyggingar i Vaksdal kommune. Området er under press frå ulike typar kraftprodusentar, og fleire offentlege innstansar har tidlegare sagt nei til utvida kraftutbygging i Vaksdalsfjella av omsyn til området naturmessige kvalitetar. Bergen og Hordaland Turlag har uttalt at Vaksdalsfjella er eit satsingsområde for dei, og eit viktig utfartsområde for turentusiastar busett i bergensregionen. Turlaget har investert i nye hytter, Vaksdal Vel har tatt initiativ til organiserte fjellturar og Vaksdal idrettslag etablerte i 2015 ei eiga turgruppe. Etableringa av turgruppa var eit resultat av auka interesse for å ta nærområdet meir i bruk, og vart følgt opp at skipinga av Vaksdal Turlag i 2017, som er eit lokallag under DNT.

I samband med søknad om vasskraftutbygging i Bogeassdraget har Fylkesmannen i Hordaland uttalt at «Utbyggingsområdet ligg over tregrensa i ein sårbar og verdifull høgfjellsnatur. Utbygginga vil påverke landskaps- og opplevingsverdiar negativt». NVE har også tidlegare avslått Norsk Grønn Kraft Utbygging AS sin søknad om å byggja Herfindalen kraftverk, og uttalte i samband med avslaget: «Herfindalen er eit naturskjønt område med store landskaps-, friluftsliv- og kulturverdiar».

Bevaring av Vaksdalsvassdraget meiner difor at det er rett og viktig å unngå omfattande inngrep i Vaksdalsfjella. Vindkraft medfører både visuelle inngrep og auka støy i naturen, og BaV meiner ein generelt må unngå etablering av dominerande vindkraftanlegg i verdifulle natur- og friluftsområde.

*Mvh. for Bevaring av Vaksdalsvassdraget,
kontaktperson Linda Lien*